



Stefan og Ruth bur på Øyro. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ulvanåsø fangar aukande interesse som klatrefjell både i inn- og utland. For få dagar sidan var to klatrarar frå Karmøy på veg opp i fjellet og i dag har vi møtt eit sveitsisk par som stortrivst i dei steile granitt-veggane. Dei bur på Øyro Camping.

- Very nice er svaret når uskedalen.no ber Stefan Geisser og Ruth Fenn frå kantonen Uri midt i Sveits om å karakterisera Ulvanåsø som klatrefjell sett gjennom deira brillar.

Dei har vore her i to dagar og klatra ein av dei. Regnet spolerte den andre dagen, men det er paret vant med - ikkje minst på Vestlandet i Noreg. Klatring i regnver er for farefullt.

Stefan, har runda 50 og har klatra sidan han var 19 år. Han presiserer at han ikkje satsar på dei store og fårefulle

tindene og så langt berre har klatra i Alpane og Noreg. Då vi ber han om å samanlikna Ulvanåso med ein annan norsk klatre-arena, trekk han fram Kvaløya ved Tromsø.

I Alpane har han vore på Mont Blanc, også om vinteren, men avstår frå å prøva seg på Matterhorn fordi det er altfor mykje turistar der.

Stefan var på klatretur i Noreg for første gong i 1997 og sidan har han vore her 7 gonger. Det var naturen og fjella som fekk han til å freista oss som ferieland og som har fått han til å halda fast ved Noreg som reisemål. Men paret legg til at dei også likar nordmennene.

I Uskedalen har dei vore ein gong før - i 2004 - men då vart det inga klatring grunna regnver. Det var andre klatrarar i Noreg som meinte dei burde dra hit.

Stefan er svært interessert i den nye klatreføraren som no er like rundt hjørnet og det tek vi som eit varsel om at paret planlegg å koma att!

Av Ola Matti Mathisen